
Fra: Gunnar Mjos <mjosgunn@gmail.com>
Sendt: 10. august 2019 14:22
Til: orjan.raknes.fortun@lindas.kommune.no
Kopi: Post Austrheim; Postmottak Gulen kommune; Postmottak Fedje; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Radøy
Emne: KVIFOR ER DET BOKMÅL PÅ NORDHORDLAND LEGEVAKT ???
Vedlegg: CCF10082019.pdf

Hei !

NORDHORDLAND LEGEVAKT er ei døgnopen interkommunal legevaktteneste for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Den interkommunale legevakta er lokalisert i Knarvik, og Nordhordland Legevakt er på dagtid dagleglevakt for Lindås Kommune.

Styringslinje for verksemda ved Nordhordland legevakt går frå rådmannen i Lindås kommune til legevaktsjef som har eit overordna fag-, personal- og økonomiansvar.

Var innom Nordhordland Legevakt denne veka og ser at all brukarinformasjon frå den interkommunale verksemda er på bokmål og engelsk. Dette gjeldt skriftleg info, registreringsskjema og info om NHLV på TV-skjerm.

Er ikkje det undeleg at info frå vår interkommunale verksemd ikkje er å finna på moderne nynorsk ???? Her må nokon ha sove i timen og ikkje sørga før at NHLV brukar nynorsk.

Har NHLV vore verksemdrevidert på målbruk sidan oppstarten ?
Vedlagte brosjyre frå 2006 kunne vore laga på nynorsk, finnest det ein nynorskversjon som ikkje er brukt ???

Eg kjenner meg skuffa og framandgjort av å bli møtt på bokmål av "mi" legevakt.

Ønskjer tilbakemelding kva for tiltak/plan som vert gjort for å endra målbruken i legevakta,- både målbruk mot brukarar og som verksemd.

Linkar:

<http://www.saman.no/nordhordland/470.446.Nordhordland-legevakt.html>

Med venleg helsing
Gunnar Mjøs
Tlf 91305166